Frivilleg og uforpliktande avtale mellom foreldre som ønskjer samarbeid for å utsetje tilgang til smarttelefon på barneskulen

Føremål:
Denne avtalen er laga for å fremje eit trygt og inkluderande læringsmiljø blant borna på Naustdal skule. Foreldra forpliktar seg til å støtte kvarandre i valet om å utsetje å kjøpe/gje smarttelefon til borna til etter avslutta barneskule, etter skuleslutt på 7. trinn.

Partar:
Avtalen blir inngått mellom foreldra til borna på kull _____ ved Naustdal skule.

Avtalepunkt:

1. **Einige om utsetjing:**
   Foreldra som signerer denne avtalen ønskjer eit samarbeid om å avstå frå å kjøpe/gje borna smarttelefon tidlegare enn det som er avtalt (sjå føremål).
   - **Kva er inkludert:** Ein smarttelefon er ein telefon som har tilgang til internett og appar som sosiale media, spel og meldingsplattformer.
   - **Alternativ:** Borna kan ha tilgang til smartklokker og/eller enkel mobiltelefon ("dumtelefon") som kan brukast til oppringing og SMS. Nettbrett og spelkonsollar dekkast ikkje av avtalen.
2. **Samarbeid og støtte:**
   Foreldra støttar kvarandre i å halde denne avtalen, og deler erfaringar eller utfordringar undervegs.
3. **Unntak:**
   Foreldra har rett til å gjere individuelle unntak basert på spesifikke behov, som helse, sikkerheit eller andre grunnar. Det forventast at slike val blir respektert av alle partar.
4. **Varigheit:**
   Avtalen gjeld frå signeringsdato og fram til juli 2033.
5. **Uforpliktande karakter:**
   Denne avtalen er ikkje juridisk bindande, men er basert på eit ønskje om samarbeid, felles forståing og tillit mellom foreldra.

Fordelar ved å utsetje smarttelefonbruk:

- Meir tid til fysisk aktivitet, leik og sosialt samvær.
- Mindre mobbing/utestenging og konfliktar knytt til mobilbruk.
- Utsetje bruk av sosiale media (pga. kroppspress, vald og overgrep, som ofte startar via SoMe).
- Betre relasjonar og utvikling av kommunikasjonsevner ansikt til ansikt.
- Betre konsentrasjon, læring og leseferdigheiter.
- Betre sømnkvalitet.

Vi forpliktar oss frivilleg til denne avtalen med det beste føremål for borna våre og fellesskapet.

_____	_____	_____	_____
Føresette sine namn	Barnet sitt namn	Stad, dato	Signatur